



«MottakerNavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«UtlandsAdresse»

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Anne Lise Næs	47679967	2022/437-38	«REF»	27.11.2023

Møtereferat 14.11.2023 - Områderegulering for Rosendal tettstad - PlanID 20190002

Møte vart halde for å drøfte ulike tilhøve knytt til veg og trafikk for Rosendal tettstad.

Agenda:

- ✓ Kollektivtilhøva i Rosendal (er det er eksisterande forhold som kan løysast i områdeplanen?)
- ✓ Mjuke trafikantar generelt
- ✓ Skuleområdet og «hjartesone» og tilkomst til idrettshall
- ✓ Snutilhøve i Skålafjæro (mellombels og permanent)
- ✓ Anna veggrunn generelt
- ✓ Detaljering og fråvik (me treng å kunne etablere veg gjennom Skålafjæro og veg til idrettshall etter områderegulering utan krav om detaljregulering)
- ✓ Tilkomst til «Grenda»-bygget

Til stades:

Vestland fylkeskommune; Guri Finne Sognnæs (veg), Katrine Helle Riber (veg),
Ståle Furnes (infrastruktur for kollektivtransport),
Olav Lydvo (Skyss).

Kvinnherad kommune; Natalie Martins Sæberg (avd.leiar), Rune Helland (Kom.plan)
Terje Natland (veg), Sara Brattfjell Heggland (planleggjar)
Anne-Lise Næs (prosjektleiar)

3RW Arkitekter AS; Tord Bakke (oppdragsleiar)

Anne-Lise orienterte om at det er 2 ulike versjonar av plankartet pr. no, og at prosjektgruppa no tar opp att arbeidet som har lege i ro ei tid.

Drøfting - Kollektivtilhøva i Rosendal

Utfordring ved kollektivterminalen i Rosendal er at bilar stiller seg på delar av arealet for å plukke opp reisande som kjem med Rødne-båten. Elles fungerer trafikken godt med utforminga som er regulert frå før.

Denne utfordringa kan ikkje løysast gjennom planarbeidet.

Terje Natland tar denne utfordringa vidare, og vurderer tiltak for å få stoppa denne praksisen.

Parkeringsplass o_SPA3 er elles offentleg, og her kan kommunen skilte tydelegare for korttids-parkering.

Utfordring for busstoppet ved brua er fleire. Her er ikkje breidde nok, og busstoppet bør utbetrast slik at ein får tilrettelegge for universell utforming, sjå handboka. Veggen forbi bankbygget bør utvidast, og planteområdet kan vurderast fjerna for å få dette til. Viktig at ein får til ei god løysing for dei mjuke trafikantane.

Løysing for elektrisk rullestol vart omtala, og tilstrekkeleg areal til heis i denne samanheng. Drette må detaljerast i samband med planarbeidet.

Terje Natland samarbeider med skyss for å spore tilstrekkeleg areal i busslomma, og me regulerer deretter inn busslomma i samsvar med denne løysinga. Dersom me ikkje følgjer handboka så må det søkjast om fråvik i samband med planforslaget.

Utfordring for busstoppet ved Rådhuset då dette heller ikkje er i samsvar med handboka. Rettstrekket bør forlengjast til 20 meter, og **Terje Natland** samarbeider også her med skyss for å spore tilstrekkeleg areal i busslomma.

Me regulerer deretter inn busslomma i samsvar med denne løysinga. Dersom me ikkje følgjer handboka så må det søkjast om fråvik i samband med planforslaget.

Utfordring for busstoppet ved Malmanger skule då denne er ikkje god nok, ikkje nok areal og heller ikkje universelt utforma. Dersom me ikkje gjer grep i samband med områdereguleringa, så blir det vanskelegare å utbetre i ettertid.

Kan me kjøpe ut Øyro 1 er eit spørsmål.


Fylket hjelper oss og kjem med eit forslag til løysing her, men det er openbart at all anna trafikk bør førast via ny veg og ikkje gjennom kollektivløysinga. Særs viktig at dersom Øyro 1 skal vidareførast som bustadføre mål, så må denne eigedommen få tilkomst via ny veg.

Mjuke trafikantar

Me drøfta tilkomst til Rosendal Fjordhotel, og her må det på plass fråviksøknad då avkøyringa ikkje er i samsvar med handboka.

Ved «Bråtun-huset», eigedom 89/26, skal fortauet ha rang framfor køyrevegen når me regulerer.

Me drøfta høve til utbetring og trygging av tilkomst ved «Grenda-bygget», BKB8 i planforslaget. Dette fordi tilkomsten og trafiktryggleiken for dette området ikkje er vurdert å vere trygg nok i dag. Me vurderer at det bør regulerast for alternativ tilkomst til BKB7-8 frå eksisterande avkøyring like nord, som markert i kartutsnitt under. Me ser på om me klarar å følge handboka her eller om det må fråviksøknad på plass.



Me drøfta samstundes høve til å stenge f_SV12 for køyrande, legge vegen litt om med føremål fortau, og ned til eksisterande fortau o_SF19. Me vurderer korleis me best kan løyse dette for mjuke trafikantar, men her bør truleg køyrevegen har rang framfor fortauet når me regulerer.

Tilhøva for resterande tema må me kome attende til.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Anne Lise Næs
Planleggjar off. planforslag

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:

Rune Helland
Natalie Martins Sæberg
Terje Natland
Sara Brattfjell Heggland

Rosendalsvegen 10
Rosendalsvegen 10
Rosendalsvegen 10
Rosendalsvegen 10